

bismo & holmek
barnehage



ÅRSPLAN

2023-2024



Forord

Årsplanen er barnehagen sitt overordna pedagogiske dokument. Den bygger på «Lov om barnehagar» og «Rammeplan for barnehagen 2017», dei to dokumenta som utgjer barnehagen sitt samfunnsmandat.

Årsplanen blir revidert årleg, og vert godkjent av samarbeidsutvalet i barnehagen. Planen er publisert på Skjåk kommune si nettside og dermed tilgjengeleg for alle. Denne planen vil også innehalde praktisk informasjon som kan vere nyttig, og alle foreldre og personal får også planen i papir.

Årsplanen er eit arbeidsdokument for personalet ved Bismo- og Holemark barnehage.

Basert på årsplan vert det utarbeidd avdelingsvise månadsplanar, i tillegg er det ein del informasjon som vert lagt ut i Visma foreldreappen i løpet av året.

VELKOMEN TIL BARNEHAGEÅRET 2023–2024

Mogunn sitt hjørne



Mogunn Synstnes

Styrra

I Bismo barnehage har vi tre avdelingar. Knerten er småbarnsavdelinga vår, i eige bygg og med eige avskjerma uteområde. Nørre er avdelinga for dei mellomstore, og Søre er storebarnsavdelinga vår. I naturskjønne omgjevnadar, nokre kilometer lenger sør i bygda har vi Holemark. Holemark har småbarnsavdelinga Raud og storebarns-

avdelinga Gul, men vil truleg bli utvida til tre avdelingar i løpet av året.

Barnehagane i Skjåk har i mange år hatt visjonen «Sjå ljost på livet». Eg er glad i denne visjonen, og tykkjer denne visjonen er ei god rettesnor å leve etter.

For meg betyr det at vi skal arbeide for å halde fokus på det som er positivt, og å vere løysningsorienterte. Greier vi å vere positive og ha tru på at dette skal vi greie, gjer vi kvardagen lettare både for oss sjølve og for alle rundt oss. Og det viktigaste, har barna vaksne rollemodellar rundt seg som er positive og som ser løysingar, vil barna overta desse haldningane.

Som styrar er dette noko eg sjølv prøver å etterleve og som eg har fokus på i mi leiarrolle. På personalmøter, på planleggingsdagar og i det daglege, er målet å skape ei personalgruppe som er positive, samarbeider godt og som fungerer godt som team. Med ulike ressurser og styrker, men som tilsaman har all kompetanse vi treng for å skape ein god barnehage. Og eit godt team meiner eg at vi har i år og, vi arbeider kontinuerleg for å bli betre og vi gler oss til å komme i gang med eit nytt barnehageår.

Eg ynskjer alle eit godt barnehageår!

Personalet

HOLEMORK

GUL

RAUD



Ranveig H. Bøhle
Dagleg leiar



Hege Haugen
Pedagogisk leiar



Ann Heidi Bjotveit
Pedagogisk leiar



Elin Bustad
Spesialpedagog



Heidi Frøise
Fagarbeidar



Anita Nyhus
Pedagogisk leiar



May Edit Dagsgard
Fagarbeidar



Hege Kathrin Falling
Fagarbeidar



Anita Lund
Fagarbeidar



May Iren Tuva-Hagen
Fagarbeidar

BISMO

KNERTEN



Karin Fjerdingen
Spesialpedagog
Pedagogisk leiar



Sigrid Byre
Pedagogisk leiar



Ingebjørg Turtum
Pedagogisk leiar



Heidi Krøkje
Fagarbeidar



Kari Eline Bakken
Fagarbeidar



Frida Jægersborg
Barnevernspedagog



Lena Banken
Assistent




Beate Bustad
Barnehagelærar



Ona Merete Hole
Fagarbeidar



Heidi Anita Årseth
Fagarbeidar



Våre barnehagar – ein stad å høyre til

Barndommen har ein eigenverdi
- for barna er den verdifull
her og nå.

Barnehagen skal bidra til at alle får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik. Vi skal gje rom for ulike føresetnadar, og at barna skal oppleve å bli sett, forstått og respektert. Vi skal fremje barna si nysgjerrigkeit og undring over likskap og skilnadar. Vi skal bidra til at alle barn føler seg anerkjent for den dei er, og at dei kjenner at dei er ein del av fellesskapet.

Ein flokk å høyra til
og ein stad å vera fri
treng eg for å leva
eit liv med glede i

I barnehagen skal barna:

- oppleve glede, trivsel og trygge relasjonar
- lære og ta vare på seg sjølv, andre og sine omgjevnadar
- erfare vennskap og samspel med andre barn
- ha gode samtalar, oppleve å bli sett og høyrt
- lære gjennom leik og nye erfaringar
- oppleve å høyre til og vere i eit fellesskap

Sjå ljost på livet

Vi vil at humor, glede og positiv tenking skal prege kvardagen i barnehagen vår. Å kunne gle seg og le saman med barna er viktig. Vi ynskjer å gjere barn og vaksne løysingsorienterte gjennom positiv tenking.

VÅRT VERDIGRUNNLAG

Barns medverknad

Medverknad betyr at barna skal bli sett og høyrt

Barna skal bli sett og høyrt i barnehagen. Barna sine synspunkt skal vektleggast i samsvar med alder og modning. Kvart barn uttrykkjer seg forskjellig ved bruk av kroppsspråk, mimikk og verbal språk, og vaksne må være aktivt til stades for å lytte til alle språka til barna.

KORLEIS JOBBAR VI MED BARN S MEDVERKNAD?

- Å medverke betyr at det skal spele ei rolle at du er til stades, og at di meining skal ha verdi.
- Barna sine synspunkt skal tilleggast vekt, og dei skal lære at å ta val har konsekvensar.
- Barna skal ikkje få ansvar for val dei ikkje er rusta til å ta.

«La me få klare det sjøl!»

Personale vil fokusere på å vere rettleiar for barna. Når barn får hjelp heile tida blir dei fråteke moglegheita til lærjing. I kvardagstusasjoner vil vi oppmuntre dei til å «klare det sjøl». Når barna får skjenke mjølk i koppen sin, sende til kvarandre, og smørje si eiga brødskive opplever dei mestringsfølelse. Ved å fokusere på barnas motoriske utvikling og la dei utføre oppgåva sjølv, styrkar vi barnas sjølvstendigheit.



ALLE HAR EI FYSISK OG PSYKISK HELSE

Livsmeistring og helse

Grunnlaget for god psykisk helse blir lagt når vi tør å prate like høgt om vonde tankar som om vonde kne.

Følelser er det viktigaste små barn orienterer seg etter når det gjeld omverda. Når vi opplev noko som er vanskeleg , er det viktig å kunne prate til oss sjølv på ein måte som kan hjelpe.

Barn må tote å ta nokre sjansar. Å kjenne på eigen usikkerheit, for så å oppleve meistring, gjev rom for læring og utvikling.

Barn og foreldre må få erfare at ting ikkje alltid blir som dei ynskjer, og at livet likevel går vidare!

Barna skal få støtte i å meistre motgang og handtere utfordringar. Gjennom støttande og anerkjennande samspel vil barna bygge sjølvstendigkeit og tru på seg sjølv. Med slike eigenskapar kjem ein langt med å bygge eit godt sjølvbilde.

Eit godt sjølvbilde, å ha det godt med seg sjølv, er viktig i høve til barnets psykiske helse både nå og i framtida!



Barnehagen skal ha ei helse-fremjande og forebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen.
Rammeplan

Vennebøkene om kanin og pinnsvin hjelper barna å finne metodar for å løyse ulike utfordringar i samspel med andre

Barnehagen skal inspirere til og gje rom for:

- ulike typar leik både ute og inne
 - glede
 - humor
 - spenning
 - engasjement
- Aleine eller saman med andre

Leiken er barna si grunnleggjande læringsform, og skal ha ein framtredande plass i barnehagen. Barn uttrykkjer seg gjennom leiken, dei tileignar seg ny kunnskap og får nye erfaringar.

Det hender at barn kan streve i leik, noko som krev at personalet rettleier og legg til rette. Målet er at alle skal få høre til og føle vennskap med andre barn, og vere i leik på ein god måte. Dette krev engasjerte, støttande og sensitive vaksne som er til stades der barna er.

I vår barnehage legg vi stor vekt på leiken og at den skal prege store delar av dagen. Vi legg til rette for at barna får god tid til leik, og får høve til allsidig utfalding i kvardagen.



KÆ HA DU GJORT I DAG? LEIKT ME!

Leik = læring

Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og for sosial og språkleg samhandling.

Oppvekstreforma og «laget rundt barnet»

I 2022 fekk vi ei ny barnevernsreform. Føremålet med denne er at barn som treng det skal få rett og god hjelp til rett tid. Det handlar også om å styrke samarbeidet mellom alle instansar som jobbar med barn i kommunen. Derfor er barnevernsreforma ei reform som også er ei oppvekstreform. Det overordna målet med reforma er å fremja gode oppvekstvilkår der tenestetilbodet skal tilpassast lokale behov.

8

GJENNOM REFORMARBEIDET SKAL:

- kommunen styrke arbeidet med tidlig innsats og forebygging.
- hjelpa bli betre tilpassa barn og familiar sine behov.
- tenestene arbeide meir målretta for å få til eit godt samarbeid på tvers av etatar, slik at alle barn, unge og deira familie skal få tidleg og god hjelp når dei treng det. Det handlar om å bygge «laget rundt barnet».
- døme på lag rundt barn og familie kan vere barnehagen, helsestasjonen, kulturskulen og PPT.
- kommunen sikre gode samarbeidsarenaer som systematisk arbeide med forebygging og enkeltsaker på system- og individnivå.
- vi sikre gode analyser før tiltak.
- vi utarbeider ein plan for forebyggjande arbeid. Planen skal mellom anna vise kva kommunale tenester som har ansvar for ulike oppgåver og korleis dei skal samarbeide.

[https://www.ks.no/fagområder/barn-og-unge/
barnevern/barnevernsreformen2/barneverns-
reformen/](https://www.ks.no/fagområder/barn-og-unge/barnevern/barnevernsreformen2/barnevernsreformen/)



MYKJE MEIR ENN BERRE PRAT



Språk

Å lære språk er noko av det viktigaste som skjer i eit barns liv. Gjennom språket lærer vi å forstå verda. Språkleg kompetanse er av stor betydning for trivel og oppleving av meistring i kvardagen.

Gode språkmodellar:

- set ord på konkretar
- er lyttande, interesserte
- er bevisste på å skape eit godt miljø

Personalet:

- stiller opne spørsmål
- hjelper barnet til å ta tur i samtalar
- gjev rask språkleg respons, der vi brukar heile setningar

Språk kvar dag:

- forteljingar
- rim
- regler
- dikt
- song



9

LIVET GÅR ALDRI
PÅ SKYNNER
FOR LIVET
ER IKKJE
EIT TOG

10



Knerten



Det skal vere
godt å vere
liten på
Knerten



På Knerten går dei yngste barna i barnehagen. Dei som nyttar heile sanseapparatet sitt til å oppdage, utforske og lære om omverda. Her-og-no-situasjonar er ein viktig og stor del av kvardagen vår, og vegen blir ofte til medan vi går. Vi skal ta vare på barna sin medverknad, og undre oss saman med barna over det som dei er opptekne av og interesserte i, bygge vidare på dette, og saman skape magiske augeblikk.

På Knerten er det daglege fokuset omsorg, individuelle behov, tryggheit, tilknyting og trivsel, der personalet skal vere ei trygg base og sikker hamn. Vi legg vekt på at barna skal få oppleve glede, leik, meistring, gode relasjoner og vennskap.

Vi deler barnegruppa ofte, dette skapar stor tryggheit, og gjev gode moglegheiter for samspel barna i mellom.

Å få ei lita hand i ei stor hand,
det er ingen småting her vi går.
Di vesle hand smygande i mi,
ingenting er større enn det.

Oskar Stein Bjørlykke

Når eittåringen startar i barnehagen

Alt er nytt. Det viktigaste for dei minste er at dei får etablert tryggheit, og får oppleva at barnehagen er ein god arena. Gode relasjoner til dei vaksne, der barnet får oppleva å bli forstått, og får gjeve uttrykk for kjensler og behov, er avgjerande for å bli trygg. Kvardagssituasjonar som måltid, stell, påkledning og leik pregar kvardagen for dei yngste. Gode rutinar gjev dei yngste barna ei tryggheit fordi kvardagen blir føreseileg. Vi legg til rette for at eittåringen får utfalde seg både ute og inne.



HER ER DET GODT Å VERA

Nørdre



Du er elska
Slik du er
Heile deg frå hår til tær
Frå smil til gråt
Frå yst til inst
Verda treng
At nett du finst

På Nørdre går dei som er verken minst eller størst i barnehagen. Her går dei som er akkurat passe gamle- både litt store og litt småe! Og vi skal passe på at alle opplev å ha det trygt og godt på Nørdre, og vi vil utfordre og tilpasse aktivitetar etter alder, modning og dagsform!

Barna som kjem frå Knerten har ei dagsrytme det er viktig å vidareføre. Nokre sov i løpet av ein dag, nokre brukar bleier og andre går på do. Dagsrytma vår tek om syn til barna sine behov for utvikling og jakt etter nye og spennande opplevingar i kvardagen.


Det er stor forskjel på alder og modning på barna på Nørdre og vi vil dele oss mykje i mindre grupper i løpet av dagen, slik at vi kan sjå kvar enkelt, og tilpasse aktivitetar og opplegg etter alder og utvikling.

Leik har ein sentral plass i løpet av ein dag i barnehagen, og vi vil gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur.

Leik, språk og sjølvstendigheit er noko vi vil vektlegge på avdelinga vår.

Vi vil jobbe med Snakkepakken året rundt, der vi vektlegg ulike tema frå månad til månad. I tillegg vil vi utover hausten gripe tak i det barna syner interesse for og byggje vidare på dette i leik, tema og ulike aktivitetar, og slik får barna vere med på å medverke på sin eigen kvardag.

Glede over å bruke kroppen inne og ute, er ein naturleg del av det å vere 2-4 år. Vi vil derfor vektlegge ulik fysisk aktivitet både ute og inne, og vi vil gå på tur kvar onsdag. På turdagen går alle med eigen sekk, og vi over på å pakke ut og inn av sekken sjølve.



15



EG ER MEG OG DU ER DEG!

Søre



HJELPEMUS

På omgang får barna vere med å hjelpe til med dei daglege gjeremåla, som dekkje bord, hjelpe til i samling, gå først når vi er på tur med meir.



BURSDAG

Bursdagsbarnet er med og pyntar bord og krona til feiring. Flagget blir hengt opp.

«E vil klare det sjøl». Å vere størst i barnehagen er stas, men og krevjande! Barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Vi utfordrar barna i å klare ulike oppgåver og aktivitetar sjølv, tilpassa sine ferdigheter og kunnskap.

Barna har behov for støtte og vegleiing i utfordrande kvardagssituasjonar. Vi hjelpt barna med å ta andre sitt perspektiv og å reflektere over eigne og andre sine kjensler.

Det er trygt og godt å vera i ei lita gruppe. Vi deler barna inn i grupper, nokre gongar etter alder, og andre gongar på tvers av alder. Alle barna skal erfare å vere viktige for fellesskapet, og vere i positivt samspel med barn og vaksne. For nokre barn kan det å snakke høgt, syngje eller vise fram noko i ei større gruppe følast utsyn. Med gode og trygge relasjonar rundt seg er terskelen lågare for å utfordre seg sjølv på ting som er vanskeleg.

Barna på Søre har leik og fysisk aktivitet i idrettshallen kvar veke. Her brukar vi mykje song, dans og rørsle i alt frå Miniroris til songleikar. Målet er at barna får utfordre seg og føle meistring, samstundes som dei lett kan fryde seg i kroppsleg leik.

Vi likar og å vere mykje ute gjennom alle årstider, og vi har ein fast turdag i veka der vi legg opp til varierte turar i det fine nærmiljøet vårt. Vi ynskjer at barna skal bli godt kjent i nærmiljøet sitt og vi ynskjer å gje dei spanande opplevelingar, leik og trivsel.

Tverrfjellet, Lendfjellet, Bisberget og Ottaelva snakkar vi om når vi er på tur!



SAMAN HER OG NO

Raud



Et barn er som en sommerfugl i vinden
noen flyr høyere enn andre,
men alle flyr så godt de kan.
Så hvorfor sammenligne dem.
Hver av dem er forskjellige,
spesielle og vidunderlige.



Å setje av god tid til leik og den gode samtala er viktig del i det daglege. Vi tek omsyn til modning og har fokus på barna sine ynskje og interesser når vi arbeider med prosjekt og tema. Barnehagen skal gje gode føresetnader for leik, venskap og borna sin eigen kultur. Leiken skal vera ein god arena for borna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling.

På Raud er vi ein stor gjeng, og det er stor skilnad i alder og behov. Difor er vi så heldige at vi har Veslestugu som vi nyttar oss mykje av. Dette gjev oss moglegheit til å dele barnegruppa slik at vi lettare kan tilpasse kvardagen til kvar enkelt. Ved slike små tiltak i kvardagen sikrar vi eit trygt og godt miljø, der alle skal få oppleve tilhørersle, trivsel og å bli sett.

Omsorg er ein føresetnad for borna sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gje borna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle borna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom borna og personalet og mellom borna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.

Vi har og stort fokus på alternativ supplrande kommunikasjon som til dømes teikn til tale og symbol, for å forsterke og supplere slik at borna lettare kan gje uttrykk for sine behov, ynskjer, tankar og følelsar

Litén?

Eg?

Langt ifrå.

Eg er akkurat stor nok.

Fyller meg sjølv heilt,
på langs og på tvers,
frå øvst til nedst.Er du større en deg
sjølv kanskje?

19



LEIK ER GULL

Gul**BIER**

Det er bikuber i nabologatet, som vi er så heldige å få besøke. Der har dei eldste barna si «eiga» bikube, som dei fylgjer gjennom sesongen. I birøkterdrakter studerer og lærer dei om livet til biene i og utanfor kuba.

I denne alderen spelar vennskap og fellesskap ei stadig viktigare rolle. Å få ein ven og vera ein ven er noko av det viktigaste i livet deira. Vi ynskjer difor legge til rette for aktivitetar der alle barna får bruke sitt mangfold, vera i aktivitet, få vene, vera ein del av fellesskapet og føle seg betydningsfulle og bli godteke som den dei er.

Vi vil setje av god tid til leik kvar dag.

Barn er nysgjerrige og vitebegjærlege, dei utforskar, eksperimenterer og søker nye utfordringar. Vi er opptekne av å møte interessene til barna med engasjement, undre oss og finne svar saman. Kanskje blir nokre av desse interessene prosjekt som vi kan fordjupe oss vidare i over ei periode.

Dette barnehageåret vil vi ha fokus på berkräftig utvikling. Vi ynskjer at barna skal sjå verdien av å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal vera aktivt med i kjeldesortering av papir, plast, kartong, glas og metall. Vi fortsett med kompostering. Barna er med på heile prosessen, frå matavfall til kompostjord til dyrking av ny mat og blomar.

Vi vil legge vekt på gjenbruk og kanskje blir det nokre besøk på miljøstasjonen og.

Vi har utedagar ein gong i veka. Da har barna med seg tursekk med mat og drikke. Vi har eit område sy Aualehaugen som vi brukar mykje. Der har vi ein gapahuk med bålpllass. Det er eit fint område å leike seg på, med tre som er fine å klatre i. Det er moro å leike seg i gruva, gå på insektjakt og bygge hytter. Vi brukar også andre nærområde til barnehagen, som Pikåtehaugen og Ofossen. Om vinteren er vi så heldige å få bruke jorda på søre Holemork og Skjelkvåle til ski og aking.

Hjelpebamse

Vi har ein bamse som alle barna på omgang får i hylla si. Da er dette barnet med å dekke på tralla og bord til måltida og rydde etterpå. Når vi har samlingsstund får barnet sitte saman med den vaksne og hjelpe til under samlingsstunda. Det er stor stas når bamsen sit i hylla til barna, når dei kjem om morgonen.



DET ER VI SOM STÅR HER NÅ

Førskulegruppa

*Det å vera ein del av førskulegruppa er stor stas.
Siste året i barnehagen byr på mange spennande
opplevingar og erfaringar.*

Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste skal ha med seg erfaringar, kunn-
skap og ferdigheter som gjev dei eit godt
grunnlag og motivasjon til å starte på
skulen. Hovudmålet er å oppleva glede,
meistring og tilhørsle i gruppa.

1 - 2 - 3

her Kjøm det
ein beskjed!

DU er UNIK som du er



Førskulegruppa 2023–2024 i Holemark:
F.v.: Aron Marsteinstredet Melby, Johannes Taraldsrød, Thea Terum
Dalen Lien, Sverre Vestad Aaboen, Adrian Sperstad-Fjeld, og Sigrid
Jægersborg.



Førskulegruppa 2023–2024 i Bismo:
F.v.: Leander Stadeløkken, Peder Olason Skjåk, Vårin Haukdalen Brandsar, Ingvild
Breie Solheim, Håkon Melby, Lavrans Kielland Mølmen, Dennis Åboen Korstad,
Raghad Tibiq, Malene Fallingen og Henrik Flo.

Pedagogisk materiell:

- Trampolineboka
- Språksprell
- Mattekassa
- Digitale verktøy som Bee-Bot og Blue-Bot
- Brannbamsen Bjørn
- Henry – førstehjelp

Som ein del av opplegget har vi:

- Sykkeltur til Ofossen Mølle
- Kulturstigen på Aursjoen
- Felles treff for alle førskulebarna
i kommunen
- Skuletilvenning på våren
- Overnatting i barnehagen



Trafikksikring

Skjåk kommune arbeider for å
vere ei trafikksikker kommune,
og i barnehagen vert arbeidet
ivareteke gjennom at:

- Barnehagen har ein eigen plan
for trafikksikring som legg
grunnlaget for den enkelte
avdeling sitt arbeid.
- Plan for trafikksikring vert
gjennomgått med personalet
på ein planleggingsdag kvar
haust.
- Trafikksikkerheit og trafikk-
opplæring er eit årleg tema
på foreldremøte.
- God trafikkskikk og trafikk-
reglar er kontinuerleg tema
når vi er ute i trafikken med
barna.
- Det er etablerte rutinar
for sikkerheit ved bruk av
offentleg transport på turar.

Musikk, rørsle og drama

Vi er ein barnehage med fokus på musikk, rørsle og drama, og opplever at vi får mykje gratis når vi integrerer det musiske inn i det pedagogiske arbeidet vårt. Musikk, rørsle og drama gjev mykje glede og smil, rørsle og rytme i kvardagen, og vi er opptekne av å veve det inn i dei fleste kvardagssituasjonar.



*Passord for mitt skattekammer:
sangglede*

Vi er ein syngande barnehage. «Syngande barnehage» er eit nettbasert opplegg der målet er å styrke musikk-kultur og songglede i barnehagen. Det blir lagt vekt på barna sine opplevingar og aktiv deltaking, altså ikkje musikk for barn, men musikk saman med barn. Ved å vere ein syngande barnehage har vi tilgang til eit skattekammer med videoar, songar, regler og musikkaktivitetar tilpassa barnehagen.

Generasjonssongprosjekt:

Barnehagane i Skjåk er med i eit generasjonssong-prosjekt. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Skjåkheimen. Målet med prosjektet er jamnlege møte med bebruarane på Skjåkheimen der vi vil skape gode songmøte og felles opplevingar mellom generasjonar.

Felles opplevingar gjennom musikk, rørsle og drama gjev glede, meistring og trivsel

Kvífor vektlegg vi musikk, rørsle og drama?

- Barna skal bli glade i musikk og få eit mangfold av musikkopplevingar
- Musikk og drama som felles møtepunkt er ein fin måte å bli ein del av fellesskapet, og inkluderer alle på
- Musikk, rørsle og drama skapar trivsel og fellesskap
- Musiske aktivitetar stimulerer barna si emosjonelle, estetiske og kognitive utvikling.
- Musikk er kommunikasjon og språk, difor er song og musikk ei styrke i språkinnlæringa
- Musikk, rørsle og drama stimulerer og påverkar sinnstemning og humør
- Det å syngje saman kan redusere nivået av stresshormonet kortisol og stimulerer lykkehormonet oxytocin i kroppen
- Drama inspirerer og stimulerer til leik



POSITIVE HANDLINGAR

Digital praksis

«Barnehagens digitale praksis skal bidra til barns leik, kreativitet og læring» - Rammeplan

Barn skal gjennom leik, kreativitet og læring få digitale erfaringar som gjev dei ei byrjande forståing av det digitale samfunnet. Dei skal få erfaringar med ulike digitale verktøy gjennom utforskande, skapande og kreative læringsprosessar. Barnehagen skal bidra til at barna utviklar ei gryande forståing for nettvett knytt til digitale medium.

Verktøya kan vere lystbetonte aktivitetar som stimulerer barna si nysgjerrigkeit, motivasjon og forskartrong, og bidreg til å utvikle kreativitet.

Vi er heilt i startgropa når det gjeld å jobbe systematisk med digital praksis i barnehagen, og vi gler oss til å utforske den digitale verda saman med barna! Vi har kjøpt inn ein del nytt utstyr og vi skal kurse oss for å kunne lære oss meir om dette satsingsområdet.

«Digitale verktøy bidreg til språkstimulering og utjamning av sosiale ulikheiter»
Rammeplan

Foreldresamarbeid

Saman skal vi skape eit godt barnehagemiljø!
Med barnets beste som utgangspunkt, har vi eit
felles ansvar for trivsel og utvikling.

Den daglege uformelle kontakta mellom
barnehagen og heimen skal bygge på
openheit og tillit. Vi vil legge til rette for eit
best mogleg tilbod for kvart enkelt barn.
Da er god kommunikasjon, med barnet i
fokus, ein viktig føresetnad.

I kommunikasjon med foreldre brukar vi:

- månadsplan, meldingar og dagboksnotat i Visma
- tilbod om to foreldresamtalar kvart år
- ulike foreldrearrangement som foreldre-møte, foreldrekaffe, brukarundersøk-ningar,dugnad og andre uformelle festarrangement
- foreldreråd og samarbeidsutval

Foreldreråd

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til
foreldra, og bidra til at samarbeidet mellom
barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt
barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande,
kontaktskapande og samordnande organ.
Samarbeidsutvalet skal arbeide med saker som
er viktige for innhaldet i og verksemda til barne-
hagen, og for forholda til foreldra (rammeplan).

Det som er
ekstra vanskeleg
å snakke om
er ekstra viktig å snakke om

Overgangar

I barnehagetida vil barna oppleve ulike overgangar.

Overgang til ny avdeling

Ved overgang innanfor barnehagen
skal personalet syrgje for at barna
blir kjende med den nye avdelinga.
Gjennom heile året er det samarbeid
og samspel på tvers av avdelingane,
så barna er godt kjende med dei
vaksne når dei tek til på
ny avdeling.



27

Overgang mellom barnehage og skule

I barnehagen har vi ei unik moglegheit til å
gje barna ein trygg overgang til 1. klasse.
Siste året i barnehagen får førskulebarna
øve på å ta meir ansvar. For å mestre
overgangen er sjølvstendigheit ein god
eigenskap.

For å sikre gode overgangar for skule-
startarane har Skjåk kommune utarbeidd
ein plan for skuletilvenning og overgang
mellom barnehage og skule. Vi har
faste treff for alle skulestartarane ein dag i
månaden fram til våren og skuletilvennin-
ga på skulen startar. Dette er viktig for at
barna skal bli godt kjende med kvarandre.

Det viser eigentleg utanpå
Korleis eg har det innhi meg
om berre du forstår det du ser

Pedagogisk verksemد

Våre planar skal legge til rette for progresjon og utvikling for den enkelte og for barnegruppa.

28

Vi tek omsyn til variasjon i alder og ulike behov. Barna får medverke til våre planar gjennom sine val og interesser. Foreldra er også medverkande gjennom sine forventningar og attendemeldingar i dialog med barnehagen.

Personælet vurderer arbeidet og reflekterer over eigen praksis for å sikre at vi jobbar mot måloppnåing og eit kvalitativt godt barnehagetilbod. Dette blir synleggjort gjennom attendeblikk, bilete, fortellingar, samtaler med barn og foreldre.

Aktivitetar tilpassa alder og modning

For å sikre god progresjon i kva aktivitetar barnehagen tilbyr, organiserer vi i aldersinndelte grupper. Vi gjev barna eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre.

Vi vil jobbe for at barna får eit fellesskap som er godt å byggje vidare på. Inkludering er viktig i dei ulike aldersgruppene som grunnlag for å forhalde seg positivt til kvarandre gjennom heile barnehagetida.

Danning skjer når vi leikar og lærer saman:

- Reflektere over eigne handlingar og veremåtar
- Ta eigne val ut i frå gode verdiar
- Forhalde seg positivt til andre menneske

Alt eg treng
er nokon som trur
eg klarar det



Fagområde

Rammeplan for barnehagen seier at barn skal få erfaringar og opplevingar knytt opp mot sju fagområde.

29

Barnehagen skal sjå fagområda i samband, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald. Barnehagen skal bruke barnas engasjement og bidrag slik at arbeidet med fagområde kan opplevast som ein meiningsfull og artig del av deira kvardag.




Fagområda er i stor grad det same som faga dei møter på seinare i skulen.

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, rørsle, mat og helse.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.
- Tal, rom og form.
- Etikk, religion og filosofi.
- Nærmiljø og samfunn.

(Les gjerne meir om fagområde i rammeplan udir.no)





Fortell meg
at jeg er noe,
at jeg kan noe,
at jeg betyr noe.
Fortell meg det.

Ikke fortell meg
det jeg gjorde,
eller det jeg kunne gjort,
eller det jeg burde eller skulle gjort.
Nei, ikke fortell meg det.

Fortell meg heller
at jeg er noe,
at jeg kan noe,
at jeg betyr noe.
Fortell meg heller det.

Jeg trenger det, skjønner du.
Jeg trenger det så sårt.
Jeg trenger en søyle av trygghet
å lene meg mot gjennom livet.
Jeg trenger det, skjønner du,
for det er så værhardt å leve.

Ragnhild Bakke Waale
Illustrasjon: Lisa Aisato



Bismo barnehage

Tlf: 61 21 70 71

Tlf styrar: 48 29 24 06

E-post: mogunn.synstnes@skjaak.kommune.no

facebook.com/bismobarnehage

Besøk: Almenningsvegen 6, 2690 Skjåk

Post: Bismo barnehage, Moavegen 30, 2690 Skjåk

Holemork barnehage

Raud: 900 63 968

Gul: 900 98 541

Tlf styrar: 48 29 24 06

E-post: mogunn.synstnes@skjaak.kommune.no

facebook.com/holemorkbarnehage

Besøk: Holemorkvegen 39, 2690 Skjåk

Post: Bismo barnehage, Moavegen 30, 2690 Skjåk

